8. Utbyggjar må jf. Fylkesdelplanen for små vasskraftverk i Hordaland undersøke moglegheiter for å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.

PS 190/14 Søknad om å byggja 3 småkraftverk i Samnanger. Delfråsegn i samband med samla høyring på 12 småkraftverk i Kvam, Samnanger og Fusa.

Forslag til innstilling

Sandelva kraftverk:

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Sandelva kraftverk, men rår ifrå å gje konsesjon før ei grundig undersøking er gjort med omsyn til laks og sjøaure.
2. Søkar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 8, 2.ledd.
3. Av omsyn til fisk og andre vasslevande organismar må forbisleppingsventil vurderast.
4. Det bør fokuserast på å få anlagt kraftstasjon nærast mogeleg turbrua som kryssar elva, og å sleppe ut vatnet direkte bak stasjon.
5. Kraftstasjonen og inngrep i terrenget elles må, så langt mogeleg, bli utført på ein skånsam måte og med materialval som passar til omgivnadene. Under anleggsarbeidet skal det vere fokus på å unngå inngrep utover dei areal der inngrepa er uunngåelege. Ein må vise varsemd ved utbygging oppstraums lakseførande strekning.
6. Habitatet i og ved elv og elveutlaup nedstraums kraftstasjonen bør takast vare på.
7. Tiltaket skal ikkje svekke friluftslivkvalitetar i området nemneverdig.
8. Ein må vurdere høgare minstevassføring med omsyn til elva som sentralt landskapselement og stad for friluftsliv og rekreasjon. Høgare minstevassføring kan også vere viktig med omsyn til biologisk mangfald, spesielt moseartar, karsporeplantar og virvellause dyr.
9. Det skal takast naudsynt omsyn til hekkande fossefall. Oppsetting av eigne reirkasser skal vurderast.

Jarlshaug kraftverk:

10. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Jarlshaug Kraftverk.
11. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før

- iverksetjing av tiltak.
12. Forholdet til freda kulturminne nær tiltaksområde må avklarast før iverksetjing av tiltak og desse må merkast godt under anleggsarbeidet slik at dei ikkje vert skadde.
 13. Jarlandselva ligg i eit verna vassdrag. Det er særst viktig at planlagt installasjon til eit eventuelt kraftverk ikkje overstig 999 kW.
 14. Det skal leggest stor vekt på tilstrekkeleg minstevassføring.
 15. Vassleppet frå stasjonen må etablerast slik at tilhøva for fisk i kulpen/djupålen ikkje vert svekka.
 16. Av omsyn til fisk og andre vasslevande organismar må forbisleppingsventil vurderast.
 17. Det er særst viktig at ikkje avlaupet frå kraftstasjon, eller anna inngrep, kjem i konflikt med lakseførande elv.
 18. For å redusere negative effektar på landskapskvalitetane, naturtypar og enkeltstående objekt, må det takast omsyn til dette under stikking av vassveg.
 19. Kraftstasjonen og inngrep i terrenget elles må, så langt mogeleg, bli utført på ein skånsam måte og med materialval som passar til omgivnadene. Under anleggsarbeidet skal det vere fokus på å unngå inngrep utover dei areal der inngrepa er uunngåelege.
 20. Det skal takast naudsynt omsyn til hekkande fossefall. Oppsetting av eigne reirkasser skal vurderast.

Dukebotn kraftverk:

21. Av omsyn til sårbart høgfjell, landskap, biologisk mangfald, friluftsliv og samla belastning rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Dukebotn kraftverk i Samnanger kommune.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 19.08.2014

Natalie Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Nytt pkt. 1
Hordaland fylkeskommune rår ifrå utbygging av Sandelva kraftverk»

Marianne S. Bjorøy (A) sette fram slikt forslag på vegner av Ap og MDG:

«Jarlshaug kraftverk:
Hordaland fylkeskommune rår ifrå utbygging av Jarlshaug kraftverk, grunnet inngrep i verna vassdrag»

Gunnar Bakke (Frp) sette fram slikt forslag:

«Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Dukebotn kraftverk i Samnanger kommune. Evt. konsekvensutgreiing må innarbeidast i saka. Hordaland fylkeskommune ber utbygger imøtekomme krav om ikkje å byggje veg og kraftlinjer i området»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (MDG) for Golis sitt forslag

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (Ap, MDG) for Bjorøy sitt forslag

Bakke sitt endringsforslag vart vedteke med 7 røyster (H, Frp og V)

Innstilling

Sandelva kraftverk:

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Sandelva kraftverk, men rår ifrå å gje konsesjon før ei grundig undersøking er gjort med omsyn til laks og sjøaure.
2. Søkar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 8, 2.ledd.
3. Av omsyn til fisk og andre vasslevande organismar må forbisleppingsventil vurderast.
4. Det bør fokuserast på å få anlagt kraftstasjon nærast mogeleg turbrua som kryssar elva, og å sleppe ut vatnet direkte bak stasjon.
5. Kraftstasjonen og inngrep i terrenget elles må, så langt mogeleg, bli utført på ein skånsam måte og med materialval som passar til omgivnadene. Under anleggsarbeidet skal det vere fokus på å unngå inngrep utover dei areal der inngrepa er uunngåelege. Ein må vise varsemd ved utbygging oppstrøms lakseførande strekning.
6. Habitatet i og ved elv og elveutlaup nedstrøms kraftstasjonen bør takast vare på.
7. Tiltaket skal ikkje svekke friluftslivskvalitetar i området nemneverdig.

8. Ein må vurdere høgare minstevassføring med omsyn til elva som sentralt landskapselement og stad for friluftsliv og rekreasjon. Høgare minstevassføring kan også vere viktig med omsyn til biologisk mangfald, spesielt moseartar, karsporeplantar og virvellause dyr.
9. Det skal takast naudsynt omsyn til hekkande fossefall. Oppsetting av eigne reirkasser skal vurderast.

Jarlshaug kraftverk:

10. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Jarlshaug Kraftverk.
11. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.
12. Forholdet til freda kulturminne nær tiltaksområde må avklarast før iverksetjing av tiltak og desse må merkast godt under anleggsarbeidet slik at dei ikkje vert skadde.
13. Jarlandselva ligg i eit verna vassdrag. Det er særst viktig at planlagt installasjon til eit eventuelt kraftverk ikkje overstig 999 kW.
14. Det skal leggast stor vekt på tilstrekkeleg minstevassføring.
15. Vassleppet frå stasjonen må etablerast slik at tilhøva for fisk i kulpen/djupålen ikkje vert svekka.
16. Av omsyn til fisk og andre vasslevande organismar må forbisleppingsventil vurderast.
17. Det er særst viktig at ikkje avlaupet frå kraftstasjon, eller anna inngrep, kjem i konflikt med lakseførande elv.
18. For å redusere negative effektar på landskapskvalitetane, naturtypar og enkeltståande objekt, må det takast omsyn til dette under stikking av vassveg.
19. Kraftstasjonen og inngrep i terrenget elles må, så langt mogeleg, bli utført på ein skånsam måte og med materialval som passar til omgivnadene. Under anleggsarbeidet skal det vere fokus på å unngå inngrep utover dei areal der inngrepa er uunngåelege.
20. Det skal takast naudsynt omsyn til hekkande fossefall. Oppsetting av eigne reirkasser skal vurderast.

Dukebotn kraftverk:

21. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Dukebotn kraftverk i Samnanger kommune. Evt. konsekvensutgreiing må innarbeidast i saka. Hordaland fylkeskommune ber utbyggar imøtekomme krav om ikkje å byggje veg og kraftlinjer i området.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.08.2014

Torill Selsvold Nyborg gjekk frå som ugild fordi ho er styremedlem i BKK. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Sigbjørn Framnes gjekk frå som ugild fordi han er styremedlem i Sunnhordland kraftlag. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Tom-Christer Nilsen stilte spørsmål om han var ugild fordi far hans er styreleiar i BKK. Fylkesordføraren gjekk frå og fylkesvararordførar Mona Hellesnes leidde møtet medan spørsmålet om Nilsen var ugild vart drøfta.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Tom-Christer Nilsen var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Dan Femoen møtte for Nilsen i saka.

Fylkesvararordførar **Mona Hellesnes** leidde møtet.

Det var 13 representantar til stades.

Sveinung Valle sette fram slikt forslag:

"Alternativ til punkt 10:
Hordaland fylkeskommune rår ifrå utbygging av Jarlshaug kraftverk, grunna inngrep i verna vassdrag."

Sveinung Valle sette fram slikt forslag:

"Alternativ til punkt 21:

Av omsyn til sårbart høgfjell, landskap, biologisk mangfald, friluftsliv og samla belastning rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Dukebotn kraftverk i Samnanger kommune."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Alternativ til punkt 1:
Hordaland fylkeskommune rår ifrå utbygging av Sandelva kraftverk."

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart vedteken med 12 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag.

Innstillinga punkt 2-9 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 10 vart vedteken med 8 røyster mot 5 røyster (A, SV) for Valle sitt forslag.

Innstillinga punkt 11-20 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 21 vart vedteken med 8 røyster mot 5 røyster (A, SV) for Valle sitt forslag.

Vedtak

Sandelva kraftverk:

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Sandelva kraftverk, men rår ifrå å gje konsesjon før ei grundig undersøking er gjort med omsyn til laks og sjøaure.
2. Søkjar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 8, 2.ledd.
3. Av omsyn til fisk og andre vasslevande organismar må forbisleppingsventil vurderast.
4. Det bør fokuserast på å få anlagt kraftstasjon nærast mogeleg turbrua som kryssar elva, og å sleppe ut vatnet direkte bak stasjon.
5. Kraftstasjonen og inngrep i terrenget elles må, så langt mogeleg, bli utført på ein skånsam måte og med materialval som passar til omgivnadene. Under anleggsarbeidet skal det vere fokus på å unngå inngrep utover dei areal der inngrepa er uunngåelege. Ein må vise varsemd ved utbygging oppstraums lakseførande strekning.
6. Habitatet i og ved elv og elveutlaup nedstraums kraftstasjonen bør takast vare på.
7. Tiltaket skal ikkje svekke friluftslivkvalitetar i området nemneverdig.
8. Ein må vurdere høgare minstevassføring med omsyn til elva som sentralt landskapselement og stad for friluftsliv og rekreasjon. Høgare minstevassføring kan også vere viktig med omsyn til biologisk mangfald, spesielt moseartar, karsporeplantar og virvellause dyr.
9. Det skal takast naudsynt omsyn til hekkande fossefall. Oppsetting av eigne reirkasser skal vurderast.

Jarlshaug kraftverk:

10. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Jarlshaug Kraftverk.
11. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.
12. Forholdet til freda kulturminne nær tiltaksområde må avklarast før iverksetjing av tiltak og desse må merkast godt under anleggsarbeidet slik at dei ikkje vert skadde.
13. Jarlandselva ligg i eit verna vassdrag. Det er sær viktig at planlagt installasjon til eit eventuelt kraftverk ikkje overstig 999 kW.
14. Det skal leggjast stor vekt på tilstrekkeleg minstevassføring.
15. Vassleppet frå stasjonen må etablerast slik at tilhøva for fisk i kulpen/djupålen ikkje vert svekka.
16. Av omsyn til fisk og andre vasslevande organismar må forbisleppingsventil vurderast.
17. Det er sær viktig at ikkje avlaupet frå kraftstasjon, eller anna inngrep, kjem i konflikt med lakseførande elv.
18. For å redusere negative effektar på landskapskvalitetane, naturtypar og enkeltstående objekt, må det takast omsyn til dette under stikking av vassveg.
19. Kraftstasjonen og inngrep i terrenget elles må, så langt mogeleg, bli utført på ein skånsam måte og med materialval som passar til omgivnadene. Under anleggsarbeidet skal det vere fokus på å unngå inngrep utover dei areala der inngrepa er uunngåelege.
20. Det skal takast naudsynt omsyn til hekkande fossefall. Oppsetting av eigne reirkasser skal vurderast.

Dukebotn kraftverk:

21. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Dukebotn kraftverk i Samnanger kommune. Evt. konsekvensutgreiing må innarbeidast i saka. Hordaland fylkeskommune ber utbyggjar imøtekomme krav om ikkje å byggje veg og kraftlinjer i området.

PS 191/14 Høyringsuttale - forslag til forskrift om krav til bruk av betalingseining i motorvogner

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet støttar forslaget til «*Forskrift om krav til bruk av betalingsenhet i motorvogner*» og den føreslegne endringa i forskrifta «*Delegering av kontrollmyndighet og myndighet til å gi påbud vedrørende visse regler i vegtrafikkloven med forskrifter*».

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 28.08.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet støttar forslaget til «*Forskrift om krav til bruk av betalingsenhet i motorvogner*» og den føreslegne endringa i forskrifta «*Delegering av kontrollmyndighet og myndighet til å gi påbud vedrørende visse regler i vegtrafikkloven med forskrifter*».

PS 192/14 Høyringsuttale - nytt parkeringsregelverk for offentleg og privat parkering

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er positiv til forslaget om nytt felles parkeringsregelverk for offentleg og privat parkering. Det er viktig å sikra føreseielege og like rammevilkår i parkeringsbransjen, både ut frå omsynet til dei parkerande og ut frå omsynet til konkurransen mellom parkeringsselskapa.
2. Fylkesutvalet er særleg nøgd med at parkeringstilhøva for rørslehemma vert betra for å sikra mobilitet og tilgjenge jf. forslaga om krav om tilrettelagte plassar, utvida fjerningsadgang og sats på kr. 900 for overtreding av vilkåra på plass reservert for rørslehemma med parkeringssløyve.
3. Fylkesutvalet meiner at forslaget til nye og differensierte gebyrsatsar i større grad enn før tek omsyn til alvorsgraden i overtredinga, noko som er bra for å sikra oppslutnaden om og legitimiteten til parkeringsregimet.
4. Fylkesutvalet viser til målet i «Klimaplan for Hordaland» om at 40% av alle lette køyretøy skal gå på ikkje-fossile drivstoff innan 2030. Framleis betalingsfritak for parkering av el - og hydrogenbilar på kommunale parkeringsplassar med avgift og det generelle kravet om å tilby ladepunkt, er naudsynte positive incitament for å stimulera til auka bruk av slike køyretøy.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014

Alf Helge Greaker sette på vegne av V, H, FRP fram forslag om tillegg til pkt 4.

I den samanheng finn fylkesutvalet det ikkje rett å avgrensa denne plikta til 6% av plassane slik det er gjort i §35.

Tom Skauge sette fram forslag om nytt pkt i innstillinga.

Fylkesutvalet ber om at det i endelig regelverk vert innarbeidd normer for å tilby parkering for sykklar og motorsykklar i byområde i P-anlegg for bil.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Alf Helge Greaker sitt forsag til tillegg til pkt 4 vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag til nytt pkt vart vedteke med 8 røyster (A, SP, SV, KRF, V).

Innstilling

1. Fylkesutvalet er positiv til forslaget om nytt felles parkeringsregelverk for offentlig og privat parkering. Det er viktig å sikra føreseielege og like rammevilkår i parkeringsbransjen, både ut frå omsynet til dei parkerande og ut frå omsynet til konkurransen mellom parkeringsselskapa.
2. Fylkesutvalet er særleg nøgd med at parkeringstilhøva for rørslehemma vert betra for å sikra mobilitet og tilgjenge jf. forslaga om krav om tilrettelagte plassar, utvida fjerningsadgang og sats på kr. 900 for overtreding av vilkåra på plass reservert for rørslehemma med parkeringsløyve.
3. Fylkesutvalet meiner at forslaget til nye og differensierte gebyrsatsar i større grad enn før tek omsyn til alvorgraden i overtredinga, noko som er bra for å sikra oppslutnaden om og legitimiteten til parkeringsregimet.
4. Fylkesutvalet viser til målet i «Klimaplan for Hordaland» om at 40% av alle lette køyretøy skal gå på ikkje-fossile drivstoff innan 2030. Framleis betalingsfritak for parkering av el- og hydrogenbilar på kommunale parkeringsplassar med avgift og det generelle kravet om å tilby ladepunkt, er naudsynte positive incitament for å stimulera til auka bruk av slike køyretøy. I den samanheng finn fylkesutvalet det ikkje rett å avgrensa denne plikta til 6% av plassane slik det er gjort i §35
5. Fylkesutvalet ber om at det i endelig regelverk vert innarbeidd normer for å tilby parkering for sykklar og motorsykklar i byområde i P-anlegg for bil.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.08.2014

Terje Søviknes sette fram slikt forslag:

"Tillegg til punkt 4:

Fylkesutvalet meiner imidlertid at det bør vere opp til den enkelte kommune å vurdere avgiftsnivået for el- og hydrogenbilar på kommunale parkeringsplassar."

Røysting

Innstillinga punkt 1-3 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 4 første og andre setning vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 4 siste setning fekk 7 røyster (A, SP, SV, KrF) og fall.

Søviknes sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, 3 H) og fall.

Innstillinga punkt 5 fekk 7 røyster (A, SP, SV, KrF) og fall.

Vedtak

1. Fylkesutvalet er positiv til forslaget om nytt felles parkeringsregelverk for offentlig og privat parkering. Det er viktig å sikra føreseielege og like rammevilkår i parkeringsbransjen, både ut frå omsynet til dei parkerande og ut frå omsynet til konkurransen mellom parkeringsselskapa.
2. Fylkesutvalet er særleg nøgd med at parkeringstilhøva for rørslehemma vert betra for å sikra mobilitet og tilgjenge, jf. forslaga om krav om tilrettelagte plassar, utvida fjerningsadgang og sats på kr. 900 for overtreding av vilkåra på plass reservert for rørslehemma med parkeringsløyve.
3. Fylkesutvalet meiner at forslaget til nye og differensierte gebyrsatsar i større grad enn før tek omsyn til alvorgraden i overtredinga, noko som er bra for å sikra oppslutnaden om og legitimiteten til parkeringsregimet.

4. Fylkesutvalet viser til målet i "Klimaplan for Hordaland" om at 40 % av alle lette køyretøy skal gå på ikkje-fossile drivstoff innan 2030. Framleis betalingsfritak for parkering av el- og hydrogenbilar på kommunale parkeringsplassar med avgift og det generelle kravet om å tilby ladepunkt, er naudsynte positive incitament for å stimulera til auka bruk av slike køyretøy.

PS 193/14 Rullering av Melding om Kystskogbruket, deltaking og finansiering 2014

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til rullering av «Melding om Kystskogbruket» med framlagt prosessplan.
2. Arbeidet med rullering støttast med eit tilskot, innanfor eksisterande ramme, på inntil kr 140.000,- finansiert over «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014».
3. Hordaland fylkeskomme har intensjon om å følgje arbeidet vidare gjennom deltaking i oppfølginga av «Melding om Kystskogbruket».
4. Fylkesutvalet ber om å få framlagt 'Melding om kystskogbruket' etter rullering.

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 28.08.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til rullering av "Melding om Kystskogbruket" med framlagt prosessplan.
2. Arbeidet med rullering støttast med eit tilskot, innanfor eksisterande ramme, på inntil kr 140.000,- finansiert over "Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014".
3. Hordaland fylkeskomme har intensjon om å følgje arbeidet vidare gjennom deltaking i oppfølginga av "Melding om Kystskogbruket".
4. Fylkesutvalet ber om å få framlagt "Melding om kystskogbruket" etter rullering.

PS 194/14 Søknad frå Røyrvik Kraftverk AS om løyve til bygging av Røyrvik Kraftverk i Kvam herad. Innstilling.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 19.08.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Etter ei heilskapleg vurdering av planane, dei innkomne uttalane og NVE si innstilling meiner Hordaland fylkeskommune ulempene ved bygging av Røyrvik kraftverk er større enn fordelane. Kravet i vassressurslova § 25 er ikkje oppfylt.

Tiltaket tek ikkje godt nok omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar i området og er såleis i strid med Hordaland fylkeskommune sine energimål i Klimaplan for Hordaland 2014-2030 og Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021.

Hordaland fylkeskommune avslår søknaden frå Røyrvik Kraft AS om løyve til å byggja Røyrvik kraftverk.

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 28.08.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Etter ei heilskapleg vurdering av planane, dei innkomne uttalane og NVE si innstilling meiner Hordaland fylkeskommune ulempene ved bygging av Røyrvik kraftverk er større enn fordelane. Kravet i vassressurslova § 25 er ikkje oppfylt.

Tiltaket tek ikkje godt nok omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar i området og er såleis i strid med Hordaland fylkeskommune sine energimål i Klimaplan for Hordaland 2014-2030 og Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021.

Hordaland fylkeskommune avslår søknaden frå Røyrvik Kraft AS om løyve til å byggja Røyrvik kraftverk.

PS 195/14 Ny politistruktur på Vestlandet - fråsegn

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.08.2014

Saka vart lagt fram på bakgrunn av referatsak 138/14 "Vedr. Ny politistruktur", utan saksførelegg.

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H, V, A, SP, SV og KrF fram slikt forslag til fråsegn:

"Ny politistruktur på Vestlandet – uttale

I samband med politireforma er eitt av framlegga at Haugaland og Sunnhordland politidistrikt vert slått saman med Agder/Rogaland politidistrikt. I Hordaland vil dette omfatte kommunane Bømlo, Sveio, Stord, Etne og Fitjar og Tysnes.

Hordaland fylkeskommune finn ei slik organisering lite formålstenleg, og rår til at ein vurderer ein av følgjande to modellar:

- Eit felles stort politidistrikt for Rogaland og Hordaland eller
- At fylkesgrensa vert avgjerande og at alle kommunane i Sunnhordland går til Hordaland politidistrikt.

Desse modellane vil styrke politiberedskapen og sikre samhandling med dei andre naudetatane i fylket."

Røysting

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Ny politistruktur på Vestlandet – uttale

I samband med politireforma er eitt av framlegga at Haugaland og Sunnhordland politidistrikt vert slått saman med Agder/Rogaland politidistrikt. I Hordaland vil dette omfatte kommunane Bømlo, Sveio, Stord, Etne og Fitjar og Tysnes.

Hordaland fylkeskommune finn ei slik organisering lite formålstenleg, og rår til at ein vurderer ein av følgjande to modellar:

- Eit felles stort politidistrikt for Rogaland og Hordaland eller
- At fylkesgrensa vert avgjerande og at alle kommunane i Sunnhordland går til Hordaland politidistrikt.

Desse modellane vil styrke politiberedskapen og sikre samhandling med dei andre naudetatane i fylket.

PS 196/14 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.08.2014

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: 186-190, 194, 185,177-184, 191-193, 195/14.

PRESENTASJONAR

Vest-Norges Brusselkontor

Orientering v/direktør Merete Mikkelsen.

Status for base- og tenestestruktur ved Ågotnes/CCB og Mongstad

Orientering v/direktør for logistikk og beredskap Statoil, Jone Stangeland.

Også Arne Franck-Nielsen og Benedikt Henriksen frå Statoil var til stades.

Clean North Sea Shipping

Orientering v/seniorrådgjevar Lars Tveit, Hordaland fylkeskommune.

ORIENTERINGAR

- Fylkesdirektør opplæring Svein Heggheim orienterte om konsekvensane av den pågåande lærarstreiken og Hordaland fylkeskommune si handtering av konflikten mellom KS og lærarane sine arbeidstakarorganisasjonar.
- Fylkesrådmannen viste til medieoppslag om utkast til plan for klinikkstruktur i tannhelsetenesta. Han presiserte at det var tale om eit *utkast* til ein plan, som enno ikkje er lagt fram. Høyringsutkastet vil verte lagt fram for opplærings- og helseutvalet 16. september. Fylkesrådmannen sa seg svært lei for at utkastet var gjort offentleg kjend før saka var behandla politisk.
- Fylkesordføraren orienterte frå det første møtet i kontaktutvalet for E39.

SVAR PÅ INNSENDE SPØRSMÅL

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Sandviksbodene 69

Det er tragisk at Sandviksbodene 69 delvis rasa ut i sjøen. Kan fylkesordføraren gjere greie for kva som er HFK sitt ansvar i høve til dette? Kva tiltak som er gjort, både på kort og lang sikt, saman med statlege og kommunale forvaltningsnivå av kulturminne?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"1. Kva er Hordaland fylkeskommune sitt ansvar i høve dette?"

Bakgrunn

Sandviksbodene 69 er eitt av fleire ståande hus i ei samanhengande rekkje med sjøhus frå Skuteviken til Elsesro (Gamle Bergen) i Sandviken. Bodane vart bygde frå ca. 1650 og frametter. Den tradisjonelle bruken som lager er avslutta, og dei fleste er lagt til rette for ny bruk. Dei fleste bodane er regulert til bevaringsføremål med heimel i plan- og bygningslova. Mynde etter denne lova er Bergen kommune. Mange av bodane er også freda med heimel i kulturminnelova. Av ca. 45 bevarte bodar er 12 bodar permanent freda og 19 mellombels freda. For dei fleste av desse er sak om permanent freding under arbeid.

Sandviksbodene 69-72 har vore mellombels freda sidan 2006. Sidan 2011 er desse bodane også verna gjennom ein reguleringsplan med særskilt omfattande verneføresegner, også for interiøra. Samstundes legg planen til rette for ny bruk av bygningane, i hovudsak til bustader. Planen er laga for å kunne gje eit godt nok vern også om fredinga fell bort. Fylkeskommunen har tidlegare vurdert at denne reguleringsplanen gjev eit tilstrekkeleg vern for desse bodane og har difor varsla oppheving av fredinga, men den mellombelse fredinga er ikkje heva.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for forvaltninga av freda kulturminne frå nyare tid, t.d. dispensasjon til alle typar tiltak som går ut over vanleg vedlikehald. Eigar av eit freda byggverk som står i fare for å forfalle, kan påleggjast tiltak for å motverke forfall, jf. kulturminnelova § 17. Hordaland fylkeskommune kan gi slikt pålegg, med samtykke frå Riksantikvaren. Ein kvar som eig bygningar pliktar å halde dei ved like, jf. plan- og bygningslova § 31-3. Kommunen kan gje pålegg om tiltak om plikta ikkje vert overhalde.

Fylkeskommunen har òg ansvar for å handsama søknader om tilskot frå istandsettingsprogrammet for freda kulturminne i privat eige. Eigarane av Sandviksbodene 69-72 har ikkje søkt om slikt tilskot.

2. Kva tiltak er gjort, både på kort og lang sikt, saman med statlege og kommunale forvaltningsnivå av kulturminne?"

Oppfølging av eigar og planlegging av istandsetting og tilrettelegging til ny bruk

Det er ei utfordring å finne ny bruk for desse bygningane. Dei fleste toler slikt tilrettelegging som ikkje krev omfattande endring. Det er viktig for kulturminnestyresmaktene å samarbeide med eigarane av bodane slik at ein får lagt dei til rette for ny bruk, men samstundes tek dei i vare

som kulturminne. I Sandviksbodene 69-72 har dei noverande eigarane i lang tid arbeidd med slike planar, i dialog med fylkeskommunen. Godkjent reguleringsplan og dei naudsynte dispensasjonane frå kulturminnelova har lagt føre i fleire år. Hordaland fylkeskommune har ved fleire høve vore uroa over den manglande framdrifta. Eigar har vist til utfordringar knytt både til kapasitet, finansiering og formelle krav knytt til handsaminga av saka etter plan- og bygningslova.

Punktvis oversyn over prosessen:

- 2006: Sandviksbodene 69-72 vart mellombels freda av Bergen kommune, som då var kulturminnemynde for Bergen.
- 2008: Hordaland fylkeskommune overtok sakshandsaminga knytt til den mellombels freda sjøbuva Sandviksbodene 69, då kulturminnemyndet for Bergen vart tilbakeført til fylkeskommunen.
- 2009-2010: Dialog med eigar og semje om korleis Sandviksbodene 69 skulle settast i stand og tilpassast ny bruk. Fylkeskommunen fatta vedtak om dispensasjon frå fredinga for istandsetting og tilpassing til ny bruk.
- 2011: Reguleringsplan for Sandviksbodene 69-72 vedtatt av Bergen bystyre. Formålet med planen er å leggje til rette for vern kombinert med ny bruk. Heile planområdet er regulert til omsynssone bevaring. Planen har særskilt omfattande verneføresegner, også for interiøra, og den er laga for å kunna gje eit godt nok vern også om fredinga fell bort.
- 2011: Hordaland fylkeskommune fatta vedtak om dispensasjon frå fredinga til å etablere nye fundament på Sandviksbodene 69.
- 10. juli 2012: Då istandsetjinga ikkje var starta sendte fylkeskonservatoren brev til Riksantikvaren, med kopi til Bergen kommune, for å få samtykke til å kunne gje pålegg om istandsetjing i medhald av kulturminnelova § 17.
- 15. oktober 2012: På bakgrunn av melding frå byantikvaren og fylkeskonservatoren fatta Bergen kommune vedtak etter plan- og bygningslova § 32-3 jf. § 31-3 om pålegg om sikring av Sandviksbodene 69 og ilegging løpande dagmulk på 1000 kr. dagen frå 22.12.2012.
- 22. mai 2013: Fylkeskommunen vart informert om at Bergen kommune no rekna bygget som sikra. Bygningsmyndet fatta også vedtak om at dei ville vurdere utvida sikring av bygget om ikkje rammesøknad var sendt kommunen innan 1. oktober 2013.
- 18. mars 2014: Bergen kommunen informerer eigar om at rammesøknaden er mangelfull og at tilstrekkeleg dokumentasjon må ettersendast, utan at det vart fatta noko vedtak om utvida sikring.
- 2. juli i 2014: Då eigar ikkje ettersendte meir dokumentasjon, avviste Bergen kommune rammesøknaden utan at det vart fatta noko vedtak om utvida sikring.
- 5. juli 2014: Vindehuset på Skuteviksboder 69 styrta i sjøen.
- 7. juli 2014: Hordaland fylkeskommune fatta vedtak om sikring og istandsetjing heimla i kulturminnelova § 17: 1) Kulturminnet skal sikrast mot vassinntrenging og ytterlege forfall innan 25. juli. 2) For å hindre ytterlegare skade vert eigar pålagt å starte det antikvariske istandsettingsarbeidet, inkludert dispensert refundamentering, innan 1. november 2014. Om pålegget ikkje vert følgd kan kulturminnemyndet få utført arbeidet på eigars rekning, om ikkje eigar påviser at han ikkje maktar istandsetjinga av økonomiske grunnar. Kravet er tvangsgrunnlag for utlegg."

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål:

"I diverse medieoppslag ser eg at det er planar om å etablera eit "privatgymnas" på Sotra. Ordføraren i Fjell er positiv til dette. Kjenner HFK til desse planane og kan fylkesordføraren gje ei orientering om etableringa og når det eventuelt skal politisk handsamast?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Fylkesordføraren er gjennom medieomtale kjent med at private aktørar sonderer om det er mogleg å etablere privatgymnas på Sotra.

Før ein privat aktør kan søkje om etablering av privatskuleverksemd, må han søkje Utdanningsdirektoratet om godkjenning etter privatskulelova. I lova vert det stilt krav til dokumentasjon før ein søknad kan sendast. Ved søknad om etablering av privatskuleverksemd er fylkeskommunen høyringsinstans. Fristen for søknad er 1. april kvart år.

Når det er søkt om etablering av privatskuleverksemd innan vidaregåande opplæring, vil vertsfylket til skulen få høve til å uttale seg i saka. Fristen for å søkje Utdanningsdirektoratet om oppstart frå skuleåret 2015-2016 gjekk ut 1. april 2014. Det var ikkje registrert nokon søknad om privatgymnas på Sotra innan denne fristen."

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Regjeringa vil prioritere Oslo og Trondheim når dei skal utforma nye bymiljøavtalar. Dette kjem fram i eit brev frå departementet til Statens vegvesen. Dette er uakseptabelt og det må no leggjast politisk press på regjeringa frå alle politiske parti i Hordaland. Vil fylkesordføraren ta kontakt med regjeringa for få omgjort dette?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"For å sikre statlege midlar til gjennomføring av transportpolitiske tiltak i Bergen er det lagt opp til å fremje ein søknad om ny belønningsmiddelavtale frå 2015. Eksisterande avtale går ut inneverande år og politisk handsaming av ny søknad i fylkeskommunen og i Bergen kommune skal skje i oktober/november 2014. I den nye søknaden vil det gå klart fram at ein eventuell ny belønningsavtale må avløyast av ein bymiljøavtale fram mot oppstart utbygging bybanen byggetrinn 4.

Både arbeidet med søknad om ny belønningsavtale og gjennomføringa av Bergensprogrammet føregår i nær dialog med Statens vegvesen og Vegdirektoratet. Slik sett er statlege vegstyresmakter godt kjent med pågåande bybaneplanlegging og behovet for statleg medfinansiering gjennom ein bymiljøavtale. Utover hausten vil eg leggje opp til å informere politisk leiing i Samferdselsdepartementet om status for bybaneplanlegginga og drøfte Bergen sin plass i køen for bymiljøavtalar og finansieringsbehov framover."

Aud Karin Oen hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Ny Sotrabru, dimensjonering for framtidig bybane
Etter det eg kan sjå i saksutgreiinga til samferdselsutvalet er det ikkje lagt opp til at saka skal til fylkesutvalet.

Eg viser då til møteboka frå fylkesutvalet 19. juni, der fylkesordføraren svarte slik:

"I samband med PS 161/14 Sotrasambandet - Rapport om dimensjonering av ny Sotrabru for framtidig bybane – Orienteringssak (som var omgjort til referatsak) spurde **Aud Karin Oen** om kva for behandling problemstillinga vil få. Fylkesordføraren opplyste at saka skal lagast fram for kultur- og ressursutvalet, samferdselsutvalet og fylkesutvalet til hausten."

Kan fylkesordføraren avklara dette?"

Fylkesordføraren svarte at saka vart behandla i samferdselsutvalet 20. august. Den skal behandlast i kultur- og ressursutvalet 11. september, deretter vert saka lagt fram for fylkesutvalet.

Benthe Bondhus hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Sommaren har vore strålande, men ferien har likevel ikkje vore like god for alle. Noko av skulda for dette finn ein i fleitalsvedtaket i sak 117/14 Justering av tilbodsstrukturen 2014/15 etter prognoseinntak, frå fylkesutvalsmøtet i mai. Elevar og foreldre var fortvila, men lite visste me vel at tilsette i fylkeskommunen skulle gå til sommarferie med oppseiing på grunn av dette vedtaket.

Spørsmål:

1. Er det mange tilsette som har fått oppseiing på grunn av dette vedtaket?
2. Har dei oppsagde fått tilbod om anna arbeid i fylkeskommunen?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Rektorane har lagt mykje arbeid i å unngå overtal grunna justeringa av tilbodsstrukturen. Dei oppseiingane vi veit er ei følgje av vedtaket, er ein lærar som er sagt opp i 53,09 % av stillinga, og ein annan lærar som er sagt opp i 20 %. Desse lærarane har førerrett på ledige stillingar innan deira fag i eitt år fram i tid."

Benthe Bondhus hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Varaldsøy Bygdelag har kontakta meg ang. reguleringsplanarbeidet i saka om nytt ferjestø på Varaldsøy. Spørsmål: Kven har ansvar for reguleringsarbeid og framdrift, kvar står saka?"

Fylkesordføraren svarte slik:

"Det er Kvinnherad kommune som er planmynde for ferjeleie på Varaldsøy. Kommunen vil difor gjera vedtak om plan.

Fylkeskommunen ved samferdselsavdelinga har deltatt i ei prosjektgruppe og støtta planleggingsarbeidet økonomisk.

Samferdselsavdelinga har tilrådd opprusting av eksisterande ferjeleie, og grunngjevinga er at det vil vera problem med å finansiera prosjektet som vert fylkeskommunalt. (Opprusting var grovt kalkulert til 10-12 mill., nytt ferjeleie til ca. 60 mill.).

Ferjekai for Varaldsøy er omtalt i handlingsprogrammet for Regional transportplan 2018-2024.

Kultur- og ressursutvalet (KURE) gjorde etter synfaring vedtak om å tilrå flytting og nytt ferjeleie. Vedtaket frå møtet 11.02.2014, sak 23/14, er kopiert inn under.

Vedtak (10 mot 3 røyster i KURE)

1. Hordaland fylkeskommune går inn for å flytta ferjeleiet på Fv 126, Varaldsøy, til Skjelnesodden.
2. Ein legg til grunn at ein kan nytta eksisterande skogsbilveg som vegtrase for å avgrense inngrep i landskapet. Den vidare prosessen må avklare kva som er mest tenleg fergeleie av alternativ 2a og 2b. Vidare trasé frå skogsbilveg til nytt fergeleie på Skjelnesodden bør leggjast slik i terrenget at ein unngår skjeringar i strandsona. Glevika og Hestvika må skjermast frå inngrep.
3. I vidare utgreiing skal kostnadsreducerande tiltak og forenkla løysingar innarbeidast for å få kostnadsramma for alt. 1 og 2 tilnærma like.
4. Undersøkningsplikta etter Kulturminnelova § 9 skal utførast i samband med reguleringsplanen.

På kommunen si nettside finn eg ikkje at kommunen enno har gjort vedtak i denne plansaka. Eg har ikkje sjekka med kommunen.

Gjennomføring av planen vert ei anna sak, der både løysingar, finansiering og framdrift må avklarast."

Fylkesdirektør samferdsel Håkon Rasmussen opplyste at Hordaland fylkeskommune har hatt to møte med Kvinnherad kommune i sommar, eit om båt/ferje og kollektivtrafikk og eit om veg. Kommunen gjer planarbeid på eige initiativ for flytting av ferjekaien på Varaldsøy. Fylkeskommunen har bede kommunen om analyse av vind og straum på ny lokalisering, for å vere trygg på tilgjenge og regularitet.

OPEN TIME

Mona Røsvik Strømme spurde om stenginga av Nygårdsparken måndag 25. august d.å. har hatt negativ konsekvens for buss og bybane. Direktør for Skyss Oddmund Sylta, svarte at Skyss ikkje har motteke meldingar om problem så langt.

Mona Hellesnes viste til kommuneproposisjonen for 2015 – Prop. 95 S (2013-2014) – som vart lagt fram for Stortinget i juni, og påpeikte at det er fleire prosessar som går parallelt. Desse kan påverke det regionale nivået. Hellesnes oppmoda fylkesordføraren om å vere proaktiv med omsyn til å få tettare samarbeid over fylkesgrensene.

Nils-Olav Næss sette fram slikt forslag til fråsegn:

"Fylkesutvalet er svært uroa over den fastlåste situasjonen i konflikten mellom KS og arbeidstakarorganisasjonane til lærarane. Streiken omfattar i dag nærare 9 000 lærarar landet over, og i den vidaregåande skulen i Hordaland er rundt 550 lærarar tatt ut i streik.

Vi er svært uroa over kva konsekvensar dette kan få for elevane i våre vidaregåande skular. Fylkesutvalet vil på det sterkaste oppmode KS om å gjere det dei kan for å få avslutta denne arbeidskonflikten så snart som mogeleg."

Fylkesutvalet tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

8 av representantane (H, Frp,V) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Saka vart dermed ikkje realitetsbehandla. Jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning, som seier at det kan gjerast vedtak i sak som ikkje står på saklista dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av dei møtande medlemene motset seg dette.

Nils-Olav Næss stilte slikt spørsmål:

"Stiller spørsmål ved rutetilbod for buss frå Indre Hardanger til Voss og manglande korrespondanse mellom buss og tog. Ønskjer oversyn over denne korrespondansen, og framlegg til kva som kan gjerast for å styrka denne."

Det vil kome svar i neste møte.

Nils-Olav Næss stilte slikt spørsmål:

"I sommar vart avgangar ved ferjesambandet Kvanndal-Utne-Kinsarvik brått innstilt då ferja som trafikkerer sambandet vart sett inn som reserveferje i eit anna samband. Reisande vart ikkje informerte om dette på førehand, og dette førte til store problem for pendlarar som hadde trong for å reise vidare med bil også på andre sida av fjorden. Dette sambandet har fått sterkt redusert rutetilbod etter opninga av Hardangerbrua, noko som er særleg problematisk for innbyggjarane på vestsida av Sør fjorden.

- Kor lenge var ferja ute av drift?
- Har operatøren heimel i kontrakten til å gjera dette?
- Eventuelt kva kan gjerast for å sikra at ferjetilbodet ikkje vert råka ved driftsavbrot i andre samband?"

Det vil kome svar i neste møte.

Aud Karin Oen bad om å få budsjettorientering frå fylkesadministrasjonen i fylkesutvalet sitt oktobermøte i staden for novembermøtet. Fylkesordføraren vil leggje opp til at dette vert gjort.

Silje Hjemdal etterspurde status for sanntidssystemet i kollektivtrafikken. Direktør for Skyss Oddmund Sylta svarte at eit nytt system frå ny leverandør vil verte sett i drift. Det er Bybanen utbygging som har ansvaret for kommunikasjonen med tidlegare leverandør.